



Kathrine med ei tilvarande flaske og brevet sitt

**Kathrine Saghaug (11) slapp ei plastflaske med brev inni ved utløpet av Uskedalselva 20. juni. Rundt rekna 2 veker seinare vart flaska plukke opp i Uddevalla i Sverige etter ei ferd på minst 80 mil. Finnaren heitte Helge og han returnerte brevet til Noreg. Nok eingong er det slått fast at flaskepost er ein effektiv form for kommunikasjon!**



Flaskeposten har truleg vore ute på ein rundt 80 mil lang ferd. Kortaste ferd langs landevegen frå Uskedalen til Uddevalla er vel 60 mil. Den nesten utrulege historia kan få eit element til, om ein vil: Kathrine skreiv ikkje adressen sin i brevet, men finnaren har likevel funne fram til den. På den andre sida har han ikkje skreive meir enn fornamnet sitt, at han takkar for helsing og at han bur i Uddevalla i Sverige. Difor ventar det ein liten utvida detektivjobb. Kanskje kan det etablerast ein kontakt mellom Uskedalen og Uddevalla, ein spennande by i ein del av Sverige som i gamle dagar var norsk.

”Dette brevet er sendt frå Kathrine Saghaug. Eg håpar finnaren av denne flaskepost ikkje hivar han ut i sjøen igjen”, var alt ho skreiv før ho stakk brevet inn i flaska og skrudde godt igjen.

Det var berre eitt innfall, for Kathrine har ikkje for vane å senda flaskepost. Ho hadde heller ikkje noko særleg stort håp å å gå sjå brevet igjen og vart svært overraska då det laurdag låg eit brev frå Sverige med poststempel frå Göteborg i ferieposten – og det med hennar brev inni.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen